

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato: 18.10.2005  
Sakbehandlar: Hans Stenby og Terje Arne Krokvik  
Saka gjeld: **Nytt psykiatrisk akuttmottak Sandviken - Helse Bergen HF**

**Styresak 89/05 B**

**Styremøte 27. 10. 2005**

---

## Bakgrunn

Styret i Helse Bergen har i møte den 1.9.2005 under sak 59/05 B behandla nytt psykiatrisk akuttmottak - Sandviken. Styret i Helse Bergen fatta følgjande vedtak:

*"Styret for Helse Bergen HF tilrår at Helse Vest godkjenner at prosjektet "Nytt psykiatrisk akuttmottak" og at dette vert realisert med samsvar med planane slik det går fram av utarbeidd forprosjekt."*

I møte den 6. september 2005 behandla styret i Helse Vest saka 77/05 B Utbygging av nytt laboratoriebygg i Helse Bergen HF. Det vart under denne saka gitt ei utgreiing av den finansielle ramma som Helse Vest har til rådighet i 2005 samt kva ein kan forventa av finansiell ramme i dei komande åra.

Nytt psykiatrisk mottak er føresett finansiert delvis innafor driftsramma til Helse Bergen samt gjennom opptak av lån. Helse Vest fatta vedtak om fordeling av lånemidlar 2005 under sak 57/05 B på møte den 11/5. Helse Bergen hadde meldt inn eit lånebehov på kr 104 mill til finansiering av fleire prosjekt kor psykiatriprosjekta utgjorde kr 93 mill. Av desse utgjorde lånebehovet til vaksenpsykiatri Sandviken kr 65 mill. Helse Bergen blei tildelt kr 74,6 mill i lån til prioritering av prosjekt innan psykiatri.

Akuttmottaket har ein samla investeringskostnad på kr 89 mill og prosjektet skal då i medhald av gjeldande investeringsprosedyre behandlast av styret i Helse Vest. Styret skal vurdere prosjektet i høve til:

- Prosjektets plassering i ein heilskapleg regional oppgåve- og funksjonsfordeling
- Dimensjonerande føresetnadar, funksjonar, driftsformar og organisering, aktivitets- og produksjonsdata
- Samla investerings-/lønsomheitsanalyse

## Kommentarar

### Prosjektets plassering i ein heilskapleg regional oppgåve- og funksjonsfordeling

Sjukehusstilbodet innan vaksenpsykiatrien i Helse Bergen var tidligare tenkt lokalisert til Sandviken, Haukeland og Steinsviken, jf regionale opptrappingsplanen for psykisk helsevern som styret vedtok i mars 2004. Ein har seinare samla seg om Sandviken og Haukeland, dvs at behandlingstilbodet innan

vaksenpsykiatri vert samla på Sandviken med unntak av avdeling for psykosomatisk medisin som særleg treng nærleik til dei somatiske funksjonane.

Utviklinga i Sandviken-området er planlagd gjennomført i tre byggetrinn.

- Byggetrinn 1 omfattar nytt psykiatrisk akuttmottak (PAM)
- Byggetrinn 2 omfattar nytt sengebygg/tilbygg som gjer det mogleg å samla tilbodet, med unntak av psykosomatisk medisin, på Sandviken-området.
- Byggetrinn 3 omfattar eit tilbygg ved Dr. Martens for unge schizofrene pasientar.

Saka no gjeld nytt psykiatrisk akuttmottak i Sandviken.

Det psykiatrisk akuttmottaket er i dag også lokalisert på Sandviken-området. Når ein vel å flytte det på området heng det saman med samling av andre postar. Lokala som PAM nyttar i dag skal frigjerast til ein post for pasientar med psykose og ein post for stemningslidingar som i dag er på Haukeland. Dette er postar som i dag driv på særskilt løyve på Haukeland. Det vil samla postar for pasientar med psykose og stemningslidingar i eige bygg og slik gi ei betre drift.

Prosjektet har ikkje konsekvensar for regional oppgåve- og funksjonsfordeling.

Dimensjonerande føresetnader, funksjonar, driftsformar og organisering, aktivitets- og produksjonsdata  
Prosjektet omfattar 2 sengepostar og mottaksdel med kontor og eit auditorium. Dagens psykiatriske akuttmottak har 19 plassar. Det nye er planlagd å ha to sengepostar med til saman 20 plassar.

Det skal vidare byggast to rom som har særskilt skjerming på kvar av postane. Desse er ikkje medrekna i talet på senger.

Talet på kontor er lik det akuttmottaket disponerar i dag.

Det er ikkje planlagt nokon endring i driftsforma. Det er lagt til grunn at talet på tilsette ikkje skal aukast sjølv om ein aukar talet på plassar frå 19 til 20. PAM tek imot akutte innleggingar frå heile området. Avdelinga har kort liggetid og pasientane vert enten overført til andre behandlingseiningar eller skrivne ut etter opphaldet.

Avdelinga er ein del av psykiatrisk divisjon i Helse Bergen.

Deler av bygningsmassen ved Sandviken har over tid stått tom. Det gjeld mellom anna bygg 3 og 4. Nytt psykiatrisk akuttmottak er planlagd lokalisert til desse bygga. I tillegg blir eit lite mellombygg frå 70-talet revet og erstatta med eit tilbygg.

Tilbygget vil husa sjølve mottakseininga og eit nytt auditorium mens bygg 3 og 4 vil bli ombygd til to sengepostar med 20 plassar.

#### Samla investerings-/lønsomheitsanalyse

Prosjektet omfattar ombygging av eit areal ca 2 815 m<sup>2</sup> (brutto) og eit tilbygg på ca 710 m<sup>2</sup> brutto. Det gir eit samla brutto areal på 3 525 m<sup>2</sup>.

Byggekostnaden er stipulert til 89 mill. kr. I dette inngår og rivingskostnader.

Det gir ein relativt høg pris pr m2. Den er på nivå med pris for nybygg. Det kan forklarast med at det er bygningsmessige bindingar som ein må ta omsyn til og at ei slik avdeling stiller stenge krav til materiell standard. Det må leggast stor vekt på sikkerheit for hindra både sjølvskading og rømming.

Det er gjort ei vurdering av bruk av dei gamle bygga kontra bygging av nytt. Dei gamle bygga er frå 1891 og sett grenser for utnyttinga av arealet og krev omfattande ombyggingar.

Når ein likevel har valt ombygging heng det saman med at eksisterande bygg har ein bokført restverdi på 17 mill. kr og at det ikkje er sannsynleg at ein ville fått løyve til å rive bygga som har historisk verdi. Helse Bergen har difor sett det som betre å bygge om framfor å bygge nytt.

Det er i byggekostnaden medrekna ein prisstigning på 3 % og det er lagt inn ein margin for uføresette kostnader på 12 %. Finansieringskostnader (byggelånsrente) er ikkje medrekna.

Realisering av prosjektet vil innebere årlege meirkostnader for Helse Bergen på om lag 7,2 mill. kr inkl. rentekostnader. Det er då lagt til grunn:

- ei kalkulasjonsrente på 5 %
- avskrivning av investert kapital over 60 år for bygg og 30 år for tekniske anlegg
- årlege kostnader til teknisk drift og vedlikehald på kr 200 pr m2 (med 3 % prisstigning)

Tal på plassar aukar frå 19 til 20 men tal tilsette vil ikkje auke som følgje av byggeprosjektet.

#### Økonomiske føresetnader for realisering av prosjektet

Helse Bergen har eit samla investeringsbehov som overstig midlane som ligg innfor dagens inntektsrammer. For å gjennomføre den samla investeringsplanen er Helse Bergen avhengig av å ta opp lån hos Helse Vest. Dette prosjektet er føresett finansiert med bruk av basisramma (avskrivningstilskot) og opptak av lån. Tildeling av lån blei gjort under sak 57/05 B i møte den 27/5. Helse Bergen må derfor prioritere og gjennomføre investeringsprosjektet innfor følgjande rammer:

- avskrivingsmidlar i basisramme (kr 255 mill i 2005)
- lån til investeringar tildelt i møte den 27/5-05 (kr 74,6 mill)

Helse Bergen vil gjennom realisering av prosjektet pådra seg ei auka driftskostnad på kr 7,2 mill. Helse Bergen må finne tiltak som bidrar til å effektivisere den samla drifta av føretaket slik at ein blir i stand til å opp i seg dei auka kostnadane som følgjer av investeringsbehova og såleis klarer å innfri kravet om resultat i balanse dei komande åra.

#### Plan for prosjektet

Det er laga følgjande retningsgivande framdriftsplan:

- detaljprosjekt ferdig nov. 2005
- anbodutsending nov. 2005
- kontrahering jan. 2006
- byggestart feb. 2006
- ferdigstilling mai 2007

## **Forslag til vedtak**

1. Helse Vest RHF godkjenner forprosjekt for nytt psykiatrisk akuttmottak i Helse Bergen HF.

2. Styret legg til grunn at prosjektet blir realisert innafor dei investerings- og driftskalkylar som ligg føre i saka. Dette utgjer:
  - a. Investeringskostnad 89 mill
  - b. Auka netto driftskostnad pr år på kr 7.2 mill
3. Styret føresett vidare at Helse Bergen HF klarar å innfri kravet om resultat i balanse for den samla verksemda også etter bygging av nytt akuttinntak ved Sandviken